

NORDDAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, den 3. november 2010 kl. 14.00 på
Norrdal Rådhus**

SAKLISTE:

- Sak 24/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 7. juni 2010
- ” 25/10 - Tertialrapport 2. tertial 2010 – Norrdal kommune
- ” 26/10 - Orientering om fornyings- og utviklingsprosjekt (eigenkontroll i kommunane)
- ” 27/10 - Vurdering av uavhengigheit
- ” 28/10 - Notat om utbygging av Fjørå vassverk
- ” 29/10 - Om byggeløyver i Norrdal kommune

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Arne Sandnes
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 7. juni 2010
Møtestad: Norddal Rådhus kl 14.00

Møtet vart leia av: Arne Sandnes

Elles til stades:
Signe Brenna og Frank Iversen

= 3 voterande

Frå Norddal kommune møtte rådmann Stig Holmstrøm. I tillegg møtte økonomisjef Einar Hoel i sakene 19/10, 20/10 og 21/10

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.
Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

**SAK 18/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. APRIL 2010**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 15. april 2010 blir godkjent

**SAK 19/10
ÅRSMELDING 2009 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 02.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Norddal kommune til orientering.

SAK 20/10**KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 02.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

1. Norddal kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.
2. I enkelte verksemdar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet ser på arbeid med økonomistyringa som viktig.

SAK 21/10**REKNESKAP 2009 – NORDDAL EIGEDOMSSELSKAP KF**

Innstilling datert 02.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Norddal eigedomsselskap KF sin rekneskap for 2009 blir godkjent.

SAK 22/10**OM VEDTEKE MANDAT I PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Saksutgreiing datert 02.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir lagt fram for kommunestyret til orientering.

SAK 23/10**OM BYGGELØYVER I KOMMUNEN**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 02.06.2010, jf også sak 09/10 og 14/10

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. På bakgrunn av rådmannen sin uttale om at det vil bli gjort nærare undersøkingar omkring dei opplysningane som har kome fram gjeldande spørsmålet om lovlegheita av byggverk i Tafjord, ønskjer kontrollutvalget snarast å bli kjent med den informasjonen som kommunens administrasjon i dette høvet innhentar og dei konklusjonane som blir gjort. Kontrollutvalet ber om at orienteringa også inneheld

informasjon om all befatning kommunen har hatt med denne konkrete saka, vedlagt dokumentasjon, i den utstrekning slik eksisterer innan 15. juli 2010.

2. Kontrollutvalet vurderer det generelt slik at kommuneadministrasjonen av eige tiltak bør ha rutinar for å gå inn med aktivt tilsyn der konkrete opplysningar tilseier det i samsvar med reglane i plan og bygningslova.

Arne Sandnes
leiar
(sign.)

Signe Brenna
medlem
(sign.)

Frank Iversen
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 26.10.2010

**SAK 25/10
TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2010 – NORDDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Tertialrapport, andre tertial 2010 – Norddal kommune

Av budsjettforskriftene §10 går følgjande fram:

”Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalningar og utgifter og utbetalningar i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak”

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar.

Det er viktig at rapporteringa skjer med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak då med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet- og investeringsbudsjettet).

Kommentarar

Av tertialrapporteringa kjem det fram forslag om innkjøpstopp og redusert bruk av vikarar og overtid til eit minimum. Ansvarlege leiarar skal i løpet av oktober stadfeste at nødvendige tiltak er sett i verk.

Prognosen for 2010 er eit meirforbruk i drifta på 3,2 mill. kroner.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet vil ha den økonomiske situasjonen som kjem fram i 2. tertialrapport 2010 til observasjon.

Harald Rogne
dagleg leiar



Saksframlegg

Rekneskapsrapport 2. tertial 2010

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
109/10	Formannskapet	11.10.2010
067/10	Kommunestyret	14.10.2010

Utsendte saksdokument:

Dok.dato Tittel
04.10.2010 Rapport 2. tertial.doc

Dok.ID
34512

Ikkje utsendte saksdokument:

Rådmannen si innstilling:

1. Kommunestyret tek rekneskapsrapport pr 2. tertial til vitande.
2. Det skal straks settast i verk tiltak for å rette opp meirforbruket Norddal Kommune kan få i drifta i 2010:
 - det vert innført innkjøpstopp. Dette omfattar alle varer og tenester, inkl kjøp av ekstern hjelp. Heilt nødvendig kjøp til drift må gjerast, det same gjeld å halde inngåtte avtalar.
 - innleige av vikarar skal avgrensast til eit absolutt minimum
 - bruk av overtid skal avgrensast til eit absolutt minimumAnsvarlege leiarar skal i løpet av oktober stadfeste at nødvendige tiltak er sett i verk.

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FS-109/10 Innstilling i Formannskapet 11.10.2010:

1. Kommunestyret tek rekneskapsrapport pr 2. tertial til vitande.
2. Det skal straks settast i verk tiltak for å rette opp meirforbruket Norddal Kommune kan få i drifta i 2010:
 - det vert innført innkjøpstopp. Dette omfattar alle varer og tenester, inkl kjøp av ekstern hjelp. Heilt nødvendig kjøp til drift må gjerast, det same gjeld å halde inngåtte avtalar.
 - innleige av vikarar skal avgrensast til eit absolutt minimum
 - bruk av overtid skal avgrensast til eit absolutt minimumAnsvarlege leiarar skal i løpet av oktober stadfeste at nødvendige tiltak er sett i verk.

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

KS-067/10 Vedtak i Kommunestyret 14.10.2010:

1. Kommunestyret tek rekneskapsrapport pr 2. tertial til vitande.
2. Det skal straks settast i verk tiltak for å rette opp meirforbruket Norddal Kommune kan få i drifta i 2010:
 - det vert innført innkjøpstopp. Dette omfattar alle varer og tenester, inkl kjøp av ekstern hjelp. Heilt nødvendig kjøp til drift må gjerast, det same gjeld å halde inngåtte avtalar.
 - innleige av vikarar skal avgrensast til eit absolutt minimum
 - bruk av overtid skal avgrensast til eit absolutt minimumAnsvarlege leiarar skal i løpet av oktober stadfeste at nødvendige tiltak er sett i verk.

Saksgrunnlag:

Kommunen skal etter Forskrift om årsbudsjett for kommunar legge fram rapportar for kommunestyret som viser utvikling i rekneskap samanlikna med vedteke budsjett. Rapport skal minimum leggast fram kvart tertial.

Saksopplysningar:

Det vert utarbeidd rekneskapsrapportar kvar månad for alle verksemdar. Pr 31.8. er det gjort ei noko meir omfattande rapportering der verksemdsleiarane har gjeve kommentarar, vurdert utvikling resten av 2010 og utifrå dette laga ein prognose for 2010. Dette gjeld både drift og investering.

Det er også gjort ei vurdering på frie inntekter og finanspostar. Perioderekneskap for Norddal Eigedomselskap KF er også teke inn i rapporten.

Saksvurdering og konklusjon:

Rekneskap pr 31.8. er litt under forventa, periodisert budsjett. Dersom ein tek med sjølvkost-områda og Næringsfondet, vert det ei betring, men dette er område som skal gå i 0 og eventuelt "overskot" kan ikkje nyttast fritt.

Prognosen for 2010 er imidlertid negativ med eit meirforbruk i drifta på kr 3,2 mill. Det er ulike årsaker til dette, men nokre punkt dreg i feil retning

ressurskrevande brukarar, redusert tilskot	kr 0,9 mill
breibandskostnad, auka kostnad	kr 0,4 mill
skuleskyss	kr 0,3 mill
fjernvarmeprosjekt, auka kostnad	kr 0,3 mill
<u>lokalt lønnsoppgjer, auka kostnad</u>	<u>kr 0,5 mill</u>
totalt	kr 2,4 mill

Det er heller ikkje reserver i frie inntekter til å dekke opp dette, så dersom prognose slår til, vil dette gje eit negativt resultat i Norddal kommune i 2010.

Det kan vere vanskeleg å sette i verk tiltak som har stor effekt i positiv retning for resten av året. Det må leggast ansvar på den enkelte leiar for å avgrense forbruk så mykje som mogeleg. Innkjøp av varer og tenester må avgrensast til det aller mest nødvendige i den daglege drifta. Det same gjeld bruk av vikarar. Behov for inntak av vikar må vurderast i kvart tilfelle.

Permisjonar med løn må nøye vurderast mot reglement, og resterande ferie må leggest til periodar med minst belastning

På investeringar verkar det som dei fleste prosjekt vil halde seg innanfor dei vedtekne bevilgningar. Størst usikkerheit er knytt til anlegget i Valldal sentrum med fortau, vatn, avløp og fjernvarme. Dette kan gå ut over vedteken ramme fordi det er teke inn ein del tilleggsarbeid. Ein del vedtekne prosjekt er ikkje kome i gang, medan nokre små prosjekt har ikkje full finansiering. Dette vert teke med i budsjettrevisjonen.

Stig Holmstrøm
rådmann

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 26.10.2010

**SAK 26/10
ORIENTERING OM FORNYINGS- OG UTVIKLINGSPROSJEKT
(EIGENKONTROLL I KOMMUNANE)**

Som vedlegg følgjer:

- Søknadsskjema om skjønnstilskot 2010 til fornyings- og utviklingsprosjekt – 2010/253

Prosjektet skal gå i regi av ÅRU med fokus på etikk og tillitsskapande forvaltning i kommunane. Føremålet med prosjektet er å legge til rette for ein prosess om eigenkontroll i kommunane. Prosjektet skal innhente faglege bidragsytarar frå fagmiljø med god kunnskap om revisjonsstandardar og heilheitlege risikoanalysar av kommunal verksemd som grunnlag for prioritering og utvikling av eigenkontroll.

Dette er innanfor kjerneområdet til kontrollutvala og kontrollutvalet må ha ein strategi i forhold til dette arbeidet.

Det blir teke sikte på å dele ut Kommunal- og regionaldepartementet sin rapport: *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*. Denne rapporten vil vere ei viktig kjelde for kontrollutvalet når utvalet skal forhalde seg til det arbeidet som no vil bli sett i gang.

Det blir gitt ei orientering i møtet og det blir lagt opp til drøftingar.

Harald Rogne
dagleg leiar



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Sendes elektronisk til Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Adresse: postmottak@fmmr.no

Skjønnstilskot 2010 til fornyings- og utviklingsprosjekt - 2010/253

Søknadsfrist 31. mars 2010

Søknadsskjema

Namn på prosjektet	Verdikommune Sunnmøre
Kommune	Ålesund - Ålesundregionens Utviklingsselskap (ÅRU)
Ev. samarbeidande kommunar, andre	Kommunane Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Stordal, Skodje, Stranda, Sula, Sykkylven, Vanylven, Vestnes, Ørskog og Ålesund.
Kontaktperson/prosjektansvarleg	Rådgivar i ÅRU, Vegard Sperre Austnes
Søknad skjønsmidlar (kr)	Kr. 300.000,-
Kort om prosjektet/tiltaket (ev. utfyllande projektskisse kan leggjast ved)	
Prosjektet skal sette fokus på etikk og tillitsskapande forvaltning i kommunane. ÅRU ønskjer hausten 2010 og våren 2011 å halde samlingar der politikarar og administrativt tilsette kan få opplæring, dele erfaringar og diskutere etikk og tillitsskapande forvaltning i egne kommunar.	
Tidsplan – prosjektstart – prosjektslutt (ev. tall på månadar)	
Prosjektstart 15.08.2010. Prosjektslutt 01.07.2011.	
Mål – forventningar – utfordringar	
Målet med prosjektet er å leggje til rette for ein prosess om eigenkontroll i kommunane. Til samlingane er det ønskjeleg å hente inn faglege bidragsytarar frå:	
<ul style="list-style-type: none">• Fagmiljø med god kunnskap om revisjonsstandardar• Fagmiljø med god kunnskap om heilskapelege risikoanalysar av kommunal verksemd som grunnlag for prioritering og utvikling av eigenkontroll• Andre kommunar/regionar som har kome langt når det gjeld eigenkontroll	
Organisering - (styringsgruppe, referansegruppe, prosjektleiar etc. – ev. overføring frå prosjekt til drift)	
Prosjektet vert organisert med prosjektleiar. Styret i ÅRU vert styringsgruppe for prosjektet.	
Økonomi – budsjett (kostnader og finansiering – eigeninnsats – ev. andre finansieringskjelder)	
Løn og sosiale utgifter til prosjektleiar: kr. 50.000,- Honorar til eksterne bidragsytarar: kr. 200.000,- Utgifter i samband med samlingane: kr. 50.000,- Sum kr. 300.000,-	
Forankring i forhold til vedtak – budsjett o.a.	
Styret i ÅRU vart orientert om prosjektet i styremøte 9. mars 2010.	

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 26.10.2010

**SAK 27/10
VURDERING AV UAVHENGIGHEIT**

Som vedlegg følger:

- Eigenvurdering frå kommunerevisjonen datert 06.09.2010

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år gi ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet.

Ytterlegare informasjon om eigenvurderinga går fram av vedlegget.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

Til kontrollutvalget

i Norddal kommune

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

<p>Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit</p>	<p><i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i></p>
<p>Pkt. 4: Nærstående</p>	<p><i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Norddal kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i></p>
<p>Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Norddal kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i></p>
<p>Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Norddal kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i></p>
<p>Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Norddal kommune.</i></p>
<p>Pkt. 8: Andre særegne forhold</p>	<p><i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i></p>

Norddal, 6. september 2010

Kjetil Bråthen

Oppdragsansvarlig revisor Norddal kommune

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 26.10.2010

**SAK 28/10
NOTAT OM UTBYGGING AV FJØRÅ VASSVERK 2009**

Som vedlegg følger:

- Notat om utbygging av Fjørå vassverk 2009
- Svar frå rådmannen v/verksemdsleiar datert 06.06.2010

I notatet går det fram at kommunen foretok ei utbygging av det private vassverket. I notatet blir nemnt ei ny vassledning på 400 meter og ein kostnad på om lag 750-800.000 kroner. Det går fram at det ikkje har blitt gjort vedtak i styret for vassverket og at det ikkje ligg føre nokon avtale med kommunen. Notatet blir avslutta med nokre spørsmål, sitat:

- Kven har gjort vedtak om at dette skulle gjerast?
- Er det utarbeidd planer for den utbygginga?
- I såfall kven har godkjent planane?
- Er kostnaden og finansieringa godkjent av kommunale organ?
- Kven har ansvaret for feil og vedlikehald på den nye ledninga?
- Er den privat eller kommunal?

I rådmannen sitt brev side 2 er det gitt svar på dei konkrete spørsmåla. Av svaret frå rådmannen er det punkt for punkt avvist feil eller manglar frå kommunen si side og svara er grunnleggjande. På det noverande tidspunkt synest det ikkje vere meir å engasjere seg i frå kontrollutvalet si side i det ein reknar med at Fjørå vassverk og Norddal kommune ordnar opp i slike spørsmål sjølve.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet går ikkje nærare inn i denne saka.

Harald Rogne
dagleg leiar

NOTAT om utbygging av Fjørå vassverk i 2009.

I samband med utbetring av Fv92 (fabrikkbakken) i Fjørå foretok kommunen ei utbygging av det private vassverket. I den forbindelse stiller mange av medlemmane i vassverket nokre spørsmål om både det **formelle og om økonomien**.

I eit kvart tiltak, ikkje minst kommunale, skal det vere ei formell handsaming med vedtak i det/dei organ vedtaket fell inn under.

Vassverket i Fjørå er privat - eigd av medlemmane. Det har vore på tale at kommunen burde overta det, men ingen vedtak om det er gjort, korkje av årsmøtet i vassverket eller av kommunen.

I samband med ovannemnte vegutbetring vart det frå kommunen si side innlagt legging av ny vassleidning tilkopl kum nord for vegdelet til Tafjord, i ei lengd av omlag 400 m. Kostnaden i.h. til anbodsdocumenta omlag 750-800.000 kroner. Eit betydeleg beløp sjøl i kommunal samanheng.

Sålangt den vanlege medlem veit, har det ikkje vore gjort noko vedtak i styret for vassverket, og såleis ingen **avtale** med kommunen, korkje om den praktiske eller den økonomisk sida av saka.

Difor heng det nokre interessante spørsmål i lufta:

- Kven har gjort vedtak om at dette skulle gjerast ?
- Er det utarbeidt planer for denne utbygginga?
- Isåfall kven har godkjent planane ?
- Er kostnaden og **finansieringa** godkjent av kommunale organ?
(Det går klart fram av anbodsdocumenta at det er kommunen si sak)
- Kven har ansvaret for feil og vedlikehald på den nye ledninga?
Er den privat eller kommunal ?



Notat

Vår ref.

09/588/M12/YNHO/70258854

Dato:

06.06.2010

Notat vedk. Fjørå vassverk - svar på spørsmål

For ordens skuld vil eg rette opp en feil påstand i notatet.

I notatet står det at *”det har vore på tale at kommunen burde overta det”*.

For ordens skuld vil eg her legge til at:

Årsmøte i Fjørå Vassverk ba styret sende brev til Norddal Kommune, der det vart søkt om kommunal overtaking av Fjørå vassverk.

Norddal kommune har lagt Fjørå Vassverk inn i Hovudvassplanen som det einaste private vassverket. Dette vart gjort av ulike årsaker.

Både Sylte vassverk og Fjørå vassverk har behov for beredskapsvatn, og søknaden frå Fjørå vassverk var årsaka til at Fjørå vassverk kom med i hovudvassplanen.

Norddal kommune sende søknad til Fjørå vassverk for vassforsyning til Nerhus bustadfelt. Det vart den gangen stilt spørsmål frå aksjonærane om det var nok kapasitet på tilførselsleidninga over fjorden.

Fjørå vassverk og Norddal kommune har etter dette hatt samarbeidsmøte for å finne ut kva som bør gjerast for å sikre vasstilførselen i Fjørå.

Fjørå vassverk har brukt Lars Saga som konsulent, og han har også gått igjennom tilstanden på det tekniske anlegget til Fjørå vassverk

Adm. i Norddal kommune ser på dette som en stor fordel, med tanke på ei evt. Kommunal overtaking.

Hovudleidningen frå rens huset og vidare kryssing Fv092 er svært utsatt for rørbrudd, og dette var eit av punkta som vart lista opp i gjennomgangen av det tekniske anlegget.

Det vart sendt søknad til Statens vegvesen om løyve til å legge ned ny vassleidning i den vegstubben som skulle utbedrast. (Fabrikkbakken).

Statens vegvesen såg helst at det var kommunen som stod som eigar av dei leidningane som skulle leggest i Fv 092.

Legging av ny vassleidning vart lagt inn i anbudsgrunnlaget til Statens vegvesen.

Fjørå vassverk skulle betale kostnadane med vassleidninga. Norddal kommune har stått for det praktiske med bestilling av rør og deler. For å halde kostnadane nede har kommunen også stått for kobling av kummar og tilrettelegging. Anlegget er pr.d.d ikkje fullført då det manglar utspylingsrør ved Fjørå Kai. Dette skal Fjørå vassverk fullføre i løpet av sommaren 2010.

Norddal kommune har engasjert seg i dette prosjektet med tanke på kvalitetsikring av det arbeidet som skulle utførast.

Det vert også vist til ” kostnad i.h. til anbudsdocumenta om lag 750 000 – 800 000 kroner ”

SV: Eg kjenner på ingen måte til dei tala det blir referert til.

Men det som er fakta er at Norddal kommune fikk inn pristilbod frå fleire leverandørar, og beste tilbod var på -67% frå katalogpris. Rørleidningen på dette anlegget kom på ca. 140 000 kroner, og dette skal Fjørå vassverk betale.

Svar på dei konkrete spørsmåla.

”Kven har gjortt vedtak om at dette skulle gjerast?”

SV: Fjørå vassverk.

”Er det utarbeidd planar for denne utbygginga?”

SV:Fjørå vassverk har i sine planar denne utbygginga og fleire punkt dei vil utføre før ei evt. kommunal overtaking.

”I så fall kven har godkjent planane?”

SV:Etter det eg kan forstå så er dette ei sak for Fjørå vassverk. Norddal kommune har hatt oppfølging med tanke på kvalitetssikring av rørlegging og kobling av kummar.

”Er kostnaden og finansieringa godkjent av kommunale organ?

(Det går klart fram av anbudsdocumenta at det er kommunen si sak)”

SV:Norddal kommune har ikkje hatt større utgifter i denne samanheng en det som ligg i hovudvassplanen med tanke på å sikre nok vatn og godt vatn til abonnentane (i dette tilfelle er det også kommunale byggjefelt).

”Kven har ansvaret for feil og vedlikehald på den nye leidninga?

Er den privat eller kommunal?”

SV:Norddal kommune har hjelpt Fjørå vassverk med kvalitetskontroll i anleggsperioden,Fjørå vassverk betaler rørleidninga.

Den er privat.

På et årsmøte i Fjørå vassverk kom det innspel frå en aksjonær om å dele ut inneståande pengar til aksjonærene før ei kommunal overtaking vart gjennomført. (Etter det eg har forstått kom dette forslaget frå samme person som har skrevet omtalte notatet til kontrollutvalet).

Dette vart nedstemt og styret har etter dette utspelet samarbeidd med kommunen for å kartlegge naudsynte tiltak for å sikre vatn for framtida. Økonomien i Fjørå vassverk er solid, og styret har utført fleire tiltak siste året.

Heilt til slutt vil eg legge til at styret i Fjørå vassverk har hatt eit positivt samarbeid med Norddal kommune for å løyse oppgåver. Pengane som står i banken blir brukt til forbedring på anlegget, og det som måtte stå på konto den dagen en evt. kommunal overtaking skal skje vil kome kommunen til gode.

Yngve Hovden
verksemdsleiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 26.10.2010

**SAK 29/10
OM BYGGELØYVER I NORDDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Brev frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.06.2010 og brev frå rådmannen datert 09.07.2010

Historikk

Temaet kom opp i sak 09/10 Byggesak i Tafjord i kontrollutvalet sitt møte 12.02.2010 og kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

Saka blir å kome tilbake til i neste møte.

I sak 14/10, Om byggeløyver i kommunen i møte 23. mars 2010 gjorde kontrollutvalet dette vedtaket:

Kontrollutvalet ber rådmann om ei skrifleg orientering om korleis kommunen vil forhalde seg til byggeaktivitet på campingplassar (oppføring av bygg /anlegg /innretningar der det ikkje ligg føre søknad) i tida fram til eit regelverk er godkjent.

I dette møtet var rådmannen representert ved avdelingsingeniør Lars Kjell Småge som orienterte og svarte på spørsmål. Eit viktig tema var oppføring av eit permanent bygg ved strandkanten i Tafjord utan byggeløyve.

Rådmannen kjem inn på andre tema i sitt brev av 01.06.2010, men avsluttar slik:

Her er altså ikkje noko nytt regelverk som skal godkjennast; det er mangel på praktisering av gjeldande regelverk som er utfordringa!

Det er mulig at kontrollutvalet sitt vedtak på det tidspunktet ikkje var tilstrekkeleg presisert i forhold til det kontrollutvalet ønskte å få svar på. Ein fann derfor å ville få nærare presisert korleis kommunen følgjer opp byggeprosjekt der det ikkje ligg føre søknad om byggeløyve og kva sanksjonar kommunen brukar i slike høve.

I sak 23/10 kjem det tydeleg fram at saka gjeld oppføring av permanent bygg i ved strandkanten i Tafjord utan byggeløyve. Med utgangspunkt i dette viser ein til brev frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.06.2010 og brev frå rådmannen datert 09.07.2010.

Det blir lagt opp til ei avsluttande drøfting av saka i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar



Norddal kommune

Plan bygg og oppmåling

– ein
verdsarvkommune

Kontrollutvalet i Norddal kommune
Postboks 7734, Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Vår ref.
10/452/033/LASM/70258843

Dykkar ref.

Dato:
09.07.2010

Sak 23/10 - byggeløyver

Det vert vist til brev dat. 18.06.2010 frå Sunnmøre Kontrollutvalsekteriat IKS.

Rådmann og byggjesakshandsamar har vore på synfaring ved Tafjord Hamn og Camping i høve melding om eventuelt ulovleg oppsett av campingvogn/spikartelt.

Vi konstaterer at den aktuelle campingvogn m/spikartelt er sett opp utanfor grensa som er trekt opp mot hamneområdet. Dette gjeld også for 2 andre campingvogner/spikartelt som **har stått der i årevis.**

Litt faktaopplysningar:

Det kommunale området ved Tafjord Friluftsbad som er regulert til friområde er utleigd til Tafjord Hamn og Camping og vert nytta som campingområde; slik bruk av friområdet har det vore i mange år.

Av området regulert til småbåthamn i Tafjord er ein del nytta til hamn med flytebrygger, medan den andre delen er nytta til camping (3 campingvogner/spikartelt/platting).

Rådmannen viser til pågåande prosess, som det også er orientert om i Kontrollutvalet, i høve kommuneplanføresegner og brannsikring ved campingplassar.


Rådmannen vil velje å gjennomføre denne prosessen og ha generelt fokus, framfor å ta opp enkeltsaker som meir eller mindre tilfeldig dukkar opp.

Ingen spikartelt/takoverbygg/plattingar i kommunen har fått noko byggeløyve, men resultatet av pågåande prosess vil truleg ende i at enkelt av "byggverka" må fjernast/ ombyggast/ brannsikrast osv.

Eg er elles glad for at Kontrollutvalet vil følge opp og sjå til at kommunen sitt apparat for tilsyn, handheving mv. fungerer på beste måte etter lova sin intensjon.

Eg reknar då med at Kontrollutvalet vil bidra til fokus på naudsynte ressusar for slik oppfølging.

Med helsing


Stig Holmstrøm
Rådmann

Postadr.:
Postboks 144
6211 Valldal

E post/helmeside
post@norddal.kommune.no
www.norddal.kommune.no

Telefon/telefaks
70 25 88 00
70 25 88 01

Bankgiro:
4020 07 00122

Organisasjonsnr.
939 396 268